

**REFERAT – KOMMUNEREFORM****Møte på Volda rådhus**

05.04.2018 kl. 09:30

**Til stades:**

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, Ass. rådmann

Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Joakim Rødven (referent)

**Agenda:**

<b>Aktivitet</b> <b>1. Status prosess – kartlegging av avtaler og interkommunale vedtekter/avtaler</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleder innleia med å minne om at Fellesnemnda gjorde vedtak om at kommunale tenesteproduksjon skulle sjå i retning av Søre Sunnmøre og Sunnmøre, medan når det gjeld private avtalar kan Nye Volda kommune i større grad utvide sine retningsval.</p> <p>Medan Ann Kristin Langeland har hatt eit overordna ansvar til å følgje opp kartlegginga i Hornindal, har økonomisjef Kari Mette Sundgot og sektorsjef for kultur og service, Inger Johanne Johnsen hatt tilsvarande ansvar i Volda.</p> <p>I Volda har ein no fått kartlagt alle avtalar som kommunen kjenner til, sjølv om der er nokre avtalar som det ikkje ligg føre skriftleg dokumentasjon på som er mogeleg å oppdrive. Grunnlaget er no likevel såpass bra at det kan sendast vidare til leiargruppa for gjennomgang og kvalitetssikring. Det er her snakk om dryge 170 avtalar.</p> <p>Prosjektleiaren ber om at dette vert sendt til leiargruppene i dei to kommunane, og at det må vere gjennomgått og kvalitetssikra der innan 15. mai.</p>	KMS/IJJ/AKL

Aktivitet 2. Kontorlokale – kva er kapasiteten i Volda rådhus	Ansvarleg oppfølging
<p>Eigedomssjef i Volda, Kjell Magne Rindal, har den siste tida sett på eit utkast til romkabal på rådhuset. Styringsgruppa var samde om at før ein går vidare med eventuelle romendringar, må ein først få oversikt over kor mange er det som skal ha kontorplass på rådhuset i Volda frå 2020. Som ein konsekvens av dette vil det derfor vere viktig å raskt finne ut kven/kva funksjonar som skal liggje til Rådhuset.</p> <p>Kjell Magne Rindal og Audun Gausemel vert bedne om å kartleggje korleis ein på best mogeleg vis kan utnytte kapasiteten på Smia og Rådhuset i Volda.</p> <p>Ein kjem attende til å setje ned ei arbeidsgruppe som i samråd med eigedomsleiarane utarbeider forlag til plassering av funksjonar i Volda rådhus og Smia med bakgrunn i framtidig organisering og avklaring av tenesteyting. Dette bør vere klart til februar 2019.</p>	<p>KMR/AG</p>

Aktivitet 3. Overgangsordning eigedomsskatt	Ansvarleg oppfølging
<p>Utviklingssjef i Volda kommune, Jørgen Vestgarden, vart invitert til møtet for å snakke om temaet.</p> <p>Ifølgje Vestgarden har det blitt søkt om å få ei overgangsperiode for harmonisering av eigedomsskatt i Hornindal og Volda kommunar. Volda kommune har vedteke å innføre eigedomsskatt, men det har ikkje Hornindal per i dag. Endring i eigedomsskattelova som trer i kraft frå og med 2019 er at ein må starte med 1 promille, og at eventuell heving ikkje kan skje med meir enn 1 promille pr. år avgrensa oppover til 5 promille.</p> <p>I Volda kommune har i dag 2 promille eigedomsskatt. I økonomiplanen er det lagt til grunn ein auke til 3 promille i 2021. Intensjonen er at Hornindal-delen av nye Volda får innført eigedomsskatt med 1 promille i 2020. Det er ei overgangsordning på to år for å harmonisere eigedomsskatten, med ein auke på 1 promille pr. år vert nivået 2 promille i 2021. Det er uklart kor vidt nye Volda da kan auke eigedomsskatten til 3 promille i 2021, og departementet kan ikkje gi noko klart svar på dette. Problemstillinga kan gjelde fleire kommunar, og truleg vil departementet verte utfordra på fleksibilitet i handtering av overgangsordningar.</p> <p>Prosjektleiaren konklusjon var at så lenge det ikkje er avklart noko frå departementet, så må prosjektet Nye Volda berre forholde seg til at det er ein uavklart situasjon og at ein inntil vidare berre må halde fram som planlagt.</p>	

Hornindal bør så innan 1. juni 2019 gjere vedtak om at ein skal innføre eigedomsskatt i den nye kommunen. Fellesnemnda bør også gjere eit prinsipielt vedtak om på sikt å innføre eigedomsskatt i Hornindal-delen med startsats på 1 promille.	
--	--

<b>Aktivitet</b> <b>4. Behov for budsjettkorrigering</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleiaren løfta fram ein førespurnad om det ville vere naudsynt å gjere nokre budsjettkorrigeringar jamfør budsjettet som vart vedteken av Fellesnemnda før jul.</p> <p>Dette mellom anna på grunn av behov for å setje av ressursar relatert til tiltak i Temakomiteen for kulturbygging. Også verktøy relaterte til digitalisering ser ein behov for å setje av ressursar, sett at det vert gitt tilstrekkeleg opplæring i desse verktøy og at det vert integrerte i arbeidskvardagen.</p> <p>Økonomisjef i Volda kommune, Kari Mette Sundgot, meinte at rammene for budsjettet er såpass romslege at det ikkje vil vere naudsynt å gjere konkrete budsjettendringar per no. Sundgot argumenterte for at det er dekning for dei endringane som vert føreslått å gjere.</p>	

<b>Aktivitet</b> <b>5. Saker til Fellesnemnda 19. april</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Prosjektleiaren la fram følgjande førebelse saksliste til møtet i Fellesnemnda den 19. april. Rekkjefølgja er tilfeldig.</p> <p>Vedtaksaker:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Budsjettkontroll</li> <li>• Vedtak om kommunevåpen</li> <li>• Representant frå fellesnemnda i Kyrkja si fellesnemnd</li> <li>• Høyring domstolsstruktur for nye Volda</li> <li>• Høyring politidistrikt for nye Volda</li> <li>• Sak om vidare samarbeid med Ørsta kommune om Nav og landbruk – mandat til prosess</li> </ul> <p>Orienteringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdatert prosjektplan</li> <li>• Utskrift av administrativt vedtak om administrativt hovudstruktur</li> <li>• Tannhelsetenesta</li> <li>• Haustfest</li> <li>• Orientering frå Kontrollutvalet</li> <li>• Mandat til gjennomgang av Helse, pleie og omsorg</li> </ul>	<p>KMS</p> <p>JR</p> <p>JR</p> <p>JR</p> <p>JR</p> <p>RS</p>

Aktivitet 6. Framdriftsplan framover	Ansvarleg oppfølging
<p>Ein viktig prosess som no skal startast på, er rekruttering av kommunalsjefar som leiarar for dei tre sektorane, personalsjef og økonomisjef. Deretter kjem organisering vidare nedover i organisasjonen.</p> <p>Rådmann i Hornindal har snakka med sine leiarar, og ingen av dei ønskjer toppleiarstilling i nye Volda kommune. Prosjektleiaren har hatt kartlegging av dette blant leiarane i Volda kommune.</p> <p>Prosjektleiaren ser føre seg følgjande framdriftsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• April/mai: Avklare kva stillingar som skal innplasserast internt og kva stilling som skal lysast ut. Rekruttere inn i stillingane. Desse tiltrer funksjonen i prosjektet og vert formelt gjennom verksemdoverdraging tilsett i nye Volda 01.01.20. Dei vil få ansvar for å leie prosessen for sin sektor/avdeling og få på plass administrativ organisering og tenesteorganisering mv.</li> <li>• Mai 2018: I løpet av månaden skal leiargruppa så langt som råd vere avklara.</li> <li>• August - April 2019: Prosess i sektorane og rådmannsstaben med organisering. Det nye organisasjonskartet må vere på plass 1. april 2019. Det er i denne fasen mellomleiarar og tilsette i staben i desse to kommunane vert berørt.</li> </ul>	<p>RS</p>

Aktivitet 7. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p><b>Deltaking frå arbeidstakarorganisasjonar</b> Det vart løfta fram eit spørsmål i kva grad arbeidstakarorganisasjonar skal delta på nasjonale samlingar i samband med samanslåinga.</p> <p>Prosjektleiaren ønskte å presisere at det er viktig å hugse på at i slike samanhengar representerer arbeidstakarorganisasjonane heile kommunen, og ikkje berre sin særskilde organisasjon.</p> <p>Styringsgruppa konkluderte med at dei to hovudtillitsvalde som er valde til å representere alle arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal og Volda kommune i samanslåingsprosessen koordinerer eventuelle førespurnadar om deltaking på aktuelle seminar, konferansar o.l. Prosjektleiaren ville ta dette opp i fellesmøte med hovudtillitsvalte 5. april.</p> <p><b>Høyring politidistriktsgrenser</b> Politiet legg opp til endra politidistriktsgrenser frå og med 2020. Kommunikasjonsrådgjevaren førebur sak på dette til Fellesnemnda 19. april.</p>	<p>Oddbjørg Y.R./Norunn H-W</p> <p>JR</p>

<p><b>Heimevernsnemnd – Møre og Fjordane heimevernsdistrikt</b>  Det skal opprettast nye heimevernsnemnder for Møre og Romsdal og delar av Sogn og Fjordane.</p> <p>Kvar kommune skal ha inntil to representantar i desse nemndene, og desse skal veljast av kommunestyret. Dette er ikkje ei sak for kommunesamanslåingsprosjektet.</p> <p><b>Politisk organisering – høyring</b>  Kommunikasjonsrådgjevaren vart beden om å skrive eit høyringsnotat for den politiske organiseringa som har blitt utarbeidd i organisasjonsutvalet.</p>	<p>AM</p> <p>JR</p>
--	---------------------

<b>Aktivitet</b> <b>8. ROS-prosess – «negative hendingar» i samanslåingsprosessen</b>	<b>Ansvarleg oppfølging</b>
<p>Styringsgruppa gjekk gjennom potensielle negative hendingar som kunne oppstå i samband med kommunesamanslåinga, og vurderte sannsynet – og konsekvensane – av at enkelte situasjonar skulle oppstå.</p> <p>Resultatet av denne analysen vil verte lagt fram som ei orientering til Fellesnemnda til møtet den 7. mai.</p>	

Neste møte: 23. april på Grodås kl. 08:30

**Møtet slutt kl. 13:10**

Volda, 06.04.2018



*Joakim Rødven*  
Kommunikasjonsrådgjevar  
Samfunn og Rådgjeving

Mobil 48229993  
[www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)